

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Helleland

Emne: Brynet.

Bygdelag: Helleland.

Oppskr. av: Th. Hovland.

Gard: Hovland

(adresse): Helleland.

G.nr. 30 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

ad 1.

## SVAR

Det vanlege ord for bryne er kvasstein eller brynestein. Namnet hein (heidn) nyttas her for eit slag finare brynestein til rakeknivar o. a.

2 Nå brukas helst berre bryner av kunststein. Tidlegare var det naturstein, men kor denne kom frå har eg aldri høyrt nok om. I bygda eller dei næraste bygder fins det ingen slik stein.

3. Her vert all redskap fyrst slipt på slipestein og deretter brynt. Rakeknivar brynte ein på heidn utan å slipa, men no har mest alle gjenge over til barberblad.

4. I min ungdom fortalde gamle folk at det var ei tid, då dei brukte sokalla tynnsleljåar. Dei vart ikkje slipte, men eggen vart tynnt ut på smiesteet med ein hammar og deretter vart den brynt med kvasstein. Sigden vart truleg kvesst på same måten. Kor lenge det er sidan det vart slutt med tynnsleljåar veit eg ikkje, men dei var i bruk iallfall enkelte stader ikring 1770.

Kor tynnsleljåen såg ut veit eg ikkje, heller ikkje om ein hadde serskild ambolt. Har høyrd at ljåane vart tynnde kvar ~~la~~ på søndagskvell, og det var nokk helst husbonden sjølv som hadde dette arbeidet.



5. Slipestein som låg har eg aldreg höyrt gjete.
6. Det er ingen regel for det. Det kjem ann på kvaliteten i ljåen og korleids slåttemarka er - om der er lausbeitt eller vondbeitt, om det er dogg eller dogglaust o.a.
7. No tildags brukas berre eit bryne. Dette har vanleg eit skil på midten slik at den eine enden av brynet er av noko finare slag. Den brukar ein frå fysten, når ljåen er nyslipa. Når ljåen vert meir skjemd nyttar ein den andre enden, som er av grovare to. Tilegare hadde dei noko dei kalla brynestikka eller ljåstikka. Den var laga av tre, björk eller anna slag tre, og bruktes etter brynesteinen til å finpusa eggen.
8. Ein löyser ljåen frå orvet, når den skal slipas. Eggen snur mot og slipesteinen sviv frå den som sliper.
9. Övre enden av langorvet som er spiss, settes mot marka, gis eit lite dunk, så den ikkje sklir. Vinstre hand held ljåen millom tumen og peikefingeren, högre förer brynestein. Bryninga byrjar inne ved kjoet og sluttar ved spissen av ljåen. Er det stutturv held ein övre enden millom knea.  
(*Skuttovljå löysa ein ikkje frå orvet under slipinga*)
10. Koppen til brynet kallar ein skålp (skolp). Lagas av tre, med ein jernkrok. Den heng nedst på ryggen i ei reim som er spend om livet og som ein kallar skolpareim.
11. Horn har ikkje vore nytta til dette her *for stoden*.
12. Sjå nr. 10.
13. Ein har vatn i skolpen til brynesteinen. Til stikka ingen ting.
14. Det heiter brynegrud her.



- 15. Eg har ikkje höyrt gjete at brynegruden har vore nytta til noko slag lækjarråd.
- 16. sjå nr. 15.
- 17. Eg hugsar at enkelte trudde steinen vart betre av å liggja ei tid i ei maurtuva.
- 18. Noko bryneregle har eg ikkje haurt gjete.
- 19. Ikkje anna enn tvi.
- 20. Bryneregle eller vise har eg ikkje höyrt her.

1294

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING